

Kristent Radioforum
c/o Radio Øst
Postboks 14
1641 RÅDE

14. januar 2015

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep

NO-0030 OSLO

HØYRINGSUTTALE TIL HØYRINGSBREV OM RAMMEVILKÅR FOR LOKALRADIO I SAMBAND MED DIGITALISERINGA AV LOKALRADIO

Kulturdepartementet har i høyringsbrev datert 28.10.2014 gjort greie for forslag til rammevilkår for lokalradio etter slukking av FM-nettet etter 2017 eller 2019. I brevet er det stilt ein del spørsmål Kristent Radioforum gjerne vil gje kommentar til.

Om Kristent Radioforum

Kristent Radioforum (KR) vart stifta i 1992 og har som formål å ivareta dei kristne stasjonane sine særlege behov og rammevilkår. Forumet legg også til rette for kompetanseheving og fellesskap blant desse stasjonane. Forumet arrangerer Kristen Radiokonferanse anna kvart år kombinert med årsmøte. For tida er det 42 medlemer i Kristent Radioforum. For meir informasjon, sjå:
<http://radioforum.no>

Dei fleste stasjonane knytt til Kristent Radioforum har nisjekonsesjon, men nokre av dei er såpass store i økonomi og sendetid at dei i praksis kan reknast som allmennkonsesjonær med sendetid både på dagtid og kveldstid. I ein del av desse stasjonane er det fleire tilsette og solid økonomi.

Medlemmene i Kristent Radioforum er ofte ein av fleire nisjekonsesjonærar på felles FM-nett og har avgrensa sendetid. Også blant ein vesentleg del av medlemmene i vårt forum har det skjedd ei profesjonalisering både med tanke på innhaldsmessig kvalitet og løna medarbeidarar. Det er difor ikkje mogleg å gje eit eintydig bilet av medlemsmassen. Det er likevel klart at fleire av stasjonane har ein avgrensa økonomi og i mange tilfelle avgrensa sendetid.

Mange av dei kristne lokalradiostasjonane er også medlem i den landsomfattande organisasjonen Norsk Lokalradioforbund (NLR) der 123 lokalradiostasjonar er medlem. Kristent Radioforum har heilt sidan starten i 1992 hatt eit godt og konstruktivt samarbeid med NLR sjølv om vi i nokre høve har hatt eit anna syn i strategiske spørsmål enn lokalradioforbundet.

Stortingsmelding om digitalisering av lokalradio

I samband med at departementet våren 2015 skal leggja fram ei stortingsmelding om digitalisering av lokalradio, vert det stilt ein del spørsmål. Departementet stiller spørsmål om det er formålstenleg at ikkje-kommersielle nisjekonsesjonærar kan halda fram med kringkasting på FM-nettet. Departementet spør mellom anna om desse stasjonane har økonomi til å driva FM-nett dersom dei kommunale stasjonane går over på DAB. Vidare drøftar departementet korleis ikkje-kommersielle stasjonar kan sikrast reell tilgang til Lokalradioblokka (DAB) og ber om høyringssvar på ulike modellar Medietilsynet har lista opp.

Det vert også stilt spørsmål om det skal gjennomførast ny utlysing på FM-bandet når konsesjonsperioden går ut 31.12.2016 eller om konsesjonsperioden bør forlengast, til dømes i tre år. Her må det også avklarast om det skal leggjast til grunn tildelingskriterium. Departementet ønsker også svar på om noverande inntektsgrenser for reklame- og sponsorinntekter for nisjeradioar skal halda fram ved forlenga eller ny utlysing av FM-nett.

Kristent Radioforum sine merknader til høyningsbrevet frå departementet

1 Ny utlysing?

Etter vår oppfatning er det naturleg å forlengja konsesjonsperioden for FM-distribusjon for dei stasjonane som ikkje vert omfatta av sløkking av FM-bandet. Det vil vera uklokt og unødvendig å gjennomføra ei ny utlysing dersom noverande konsesjonsperiode skal forlengjast.

2 FM-tilgang i storbyområda

Kristent Radioforum legg til grunn at alle lokalradiostasjonane utanom dei områda som vert omfatta av FM-sløkking i 2017 eller 2019, kan halda fram på FM-nettet. I tillegg ønsker vi at dei ikkje-kommersielle radioar i storbyområda skal ha høve til å halda fram på FM-nettet om dei ønsker det. Det er fleire årsaker til at nokre av desse stasjonane ønsker å halda fram på FM-nettet. Det kan handla både om økonomi og redsle for at lyttarane ennå ikkje er «klare» for å gå frå FM til DAB. I alle tilfelle er mange av desse stasjonane opptekne av at det må leggjast til rette for gode overgangsordningar som sikrar at ein får med seg alle lyttarane over på den nye plattforma.

Kristent Radioforum har ikkje drøfta inngående i kva grad 24/7-konsesjonærar og allmennradiokonsesjonærar bør omfattast av sløkkinga av FM-bandet i 2017 eller 2019 i storbyane. Men vi støttar altså forslaget frå Medietilsynet om at nisjeradioar kan halda fram på FM både i storbyar og elles i landet dersom dei ønsker det.

3 Økonomi for framhald på FM-nettet

Departementet stiller spørsmål om nisjeradiokonsesjonærane har økonomi til å driva FM-nett i storbyane etter DAB-overgangen. Vi innser at dette kan verta ei utfordring, og vi er kjent med at fleire av våre medlemsstasjonar i storbyområda vurderer å gå over til DAB-nettet ved sløkkinga i 2017 eller 2019. Men etter vår oppfatning må nisjeradiokonsesjonærane sjølv vurdera om dei vil gå over på DAB, halda fram på FM-nettet eller i ein overgangsperiode kombinera dei to plattformene.

4 Krav til anleggskonsesjonærane i DAB-nettet og vurdering av aktuelle modellar

Kristent Radioforum har i lengre tid vore opptekne av at Lokalradioiblokka (DAB) vert sikra eit mediemangfald. Difor må det fastsetjast klare krav til anleggskonsesjonærane for dermed å sikra ytringstilgang og mediemangfald i radiotilboden. Fleire av dei ikkje-kommersielle aktørane kan få problem med å få tilgang til DAB-nettet dersom tildeling av plass i blokka vert gjort på grunnlag av til dømes auksjon eller forhandling om pris.

Kristent Radioforum har på prinsipielt grunnlag vore skeptisk til auksjonsmodell for tildeling av anleggskonsjon for DAB ettersom det er vanskelig å sjå at eit slikt prinsipp gjev eit politsk ønskt mangfald i radiotilboden. Departementet ber om høyningsinstansane sitt syn på dei tre modellane. Medietilsynet har skissert for å sikra ikkje-kommersielle lokalradioar reell tilgang til Lokalradioiblokka.

Dei tre alternativa er; 1) *Ingen særlege ordningar*, 2) *Avsett gratis kapasitet til mindre lokalradioar i kvar region* og 3) *Reservert kapasitet mot betaling av fastpris*.

Etter vår oppfatning vil eit anleggsregime utan særlege ordningar gje vilkårlege resultat med tanke på reell tilgang til DAB for ikkje-kommersielle radiostasjonar. Modell nr. to med avsett kapasitet i

kvar region er ei mogleg løysing, men dei stasjonane som får tilgang til gratis kapasitét, har i forslaget frå Medietilsynet fleire krav som må oppfyllast. Det handlar om avgrensa sendetid, krav om heil eller delvis frivillig innsats, målgruppe og i hovudsak ikkje-kommersielt driftsgrunnlag. Ikkje-kommersielle stasjonar oppfyller reelt dei tre siste krava (delvis frivillig innsats, målgruppe og hovudsakleg (mindre enn 50 prosent) ikkje-kommersielt driftsgrunnlag. Men etter vår oppfatning, er det stilt for strenge krav til avgrensa sendetid. I denne modellen er det føreslått at kapasitetsmengda til gratis kringkasting ikkje må overstiga seks prosent.

Kristent Radioforum går imot forslaget om å avgrensa sendetid for slike konsesjonærar til maksimalt seks timer pr. døger slik det går fram av forslaget i modell to. Etter vår oppfatning må det avsetjast ein prosentdel på minimum 20 prosent til ikkje-kommersielle stasjonar for heile blokka. Dersom ikkje denne kapasiteten vert brukt opp, føreslår vi ei ordninga der anleggskonsesjonæren kan søkja konsesjonsgjevar om å redusera grensa.

I modell tre (*Reservert kapasitet mot betaling av fastpris*) er det lagt til grunn ein fastpris (til dømes 1 500 kroner pr. månad). Dette kan vera ein mogleg modell, men på same måte som i vår vurdering av modell to, må det vera mogleg for ikkje-kommersielle stasjonar å senda langt meir enn seks timer pr. døger. Det bør ikkje vera noko i vegen for at ein ikkje-kommersiell stasjon får tilgang til heile kapasiteten på eín kanal (24/7).

I inneverande konsesjonsperiode (FM) har det vore eit reklametak for nisjeradioar på 135 000 kroner per driftsår i reklame- og sponsorinntekter, eller maksimalt 40 prosent av dei samla inntektene til verksemda i driftsåret. Vi forstår det slik at eit slikt «reklametak» skulle hindra at kommersielle aktørar sikrar seg tilgang til konsesjon utan krav om lokalt innhald. Spørsmålet er om styresmaktene bør vurdera om ei liknande ordning i Lokalradioblokka kan sikra at den avsette kapasiteten verkeleg går til ikkje-kommersielle aktørar. Etter vår oppfatning kan ei slik grensa aukast til 50 prosent. Dermed kan ein halda fast på at slike radioar i hovudsak har eit ikkje-kommersielt driftsgrunnlag.

5 Særskilte inntektsgrenser for nisjeradioar

Departementet stiller spørsmål om noverande ordning med øvre grenser for reklame- eller sponseinntekter bør halda fram for lokalradioar som held fram på FM. Vi trur at det kan vera klokt med ei slik avgrensing, men føreslår at grensa vert sett til maksimalt 50 prosent av dei samla inntektene i driftsåret. Noverande krav til nyheits- og aktualitetsstoff kan fjernast ved innføring av DAB ettersom dette kravet forsvinn når DAB-regimet er ein realitet. Det er likevel viktig å ha forskrifter som hindrar kommersielle aktørar som taper i auksjon- eller loddtrekning, å nytta ikkje-kommersiell «plattform» for kringkasting.

6 Samsending

I rapporten frå Medietilsynet er det lista opp regulatoriske tiltak som skal hindra kommersielle aktørar å «gå via» mindre lokalradioar si sendetid. Det er mellom anna føreslått at det vert innført eit totalforbod mot sam- og vidaresending av andre konsesjonærar sitt innhald på FM i dei områda der FM vert sløkt for dei kommersielle lokalradioaktørane. Eit slikt forbod vil dermed hindra nisjeradioar i storbyar å samsenda på FM med konsesjonærar i nabokonsesjonsområde. I nokre konsesjonsområde er det oppretta gode samsendingsavtalar mellom nisiekonsesjonærar i storby og i randkommunar til storbyen. Kristent Radioforum ber om at slike ordningar etter søknad kan halda fram også etter overgangen til DAB.

7 Økonomi

Det er slett ikkje sikkert at det er tilstrekkeleg å påleggja anleggskonsesjonæren å setja av ein minimumstorleik av plass til mindre ressurssterke lokalradioar i kvar region i lokalradioblokka. Erfaringa så langt er, slik vi forstår det, at det er mogleg å koma fram til eit akseptabelt

kostnadsnivå på DAB-sendarnettet i nokre av dei tettast befolka områda, medan det er ei utfordring der befolningsgrunnlaget er svakt.

Kristent Radioforum meiner difor at det kan verta nødvendig å leggja til rette for ei tilskotsordning for oppbygging av sendarnett i område der det ikkje let seg gjera å sikra eit økonomisk berekraftig sendarnett. Vi viser til at på landsmøtet til Norsk Lokalradio forbund i Haugesund i mai 2014 vart det teke til orde for å finna løysingar med tilskot til ressurssvake lokalradioar.

Oppsummering av synspunkta til Kristent Radioforum

- Konsesjonsperioden for FM-distribusjon for dei stasjonane som ikkje vert omfatta av sløkkinga av FM-bandet, bør forlengast.
- Ikkje-kommersielle radioar i storbyområda må ha høve til å velja å halda fram på FM-nettet.
- Nisjeradiokonsesjonærane må sjølv få vurdera om dei vil gå over på DAB, halda fram på FM-nettet eller i ein overgangsperiode kombinera dei to plattformene.
- Det må fastsetjast klare krav til anleggskonsesjonærane for å sikra ytringstilgang og mediemangfald i radiotilbodet. Ein mogleg modell kan vera at til dømes minst 20 prosent av kapasiteten i kvar blokk/region skal setjast av til ikkje-kommersielle aktørar.
- Medietilsynet sine tre modellar for å leggja til rette for ikkje-kommersielle aktørar må justerast og forbetrast slik at ikkje-kommersielle stasjonar får tilstrekkeleg sendetid.
- Noverande ordning med øvre grenser for reklame- eller sponseinntekter bør halda fram for lokalradioar som held fram på FM. Vi trur at det kan vera klokt med ei slik avgrensing, men føreslår at grensa vert sett til maksimalt 50 prosent av dei samla inntektene i driftsåret.
- Ordninga med samsending på FM må vidareførast også etter 2017/2019, men må grunngjevast i søknad.
- Det kan verta nødvendig å leggja til rette for ei tilskotsordning for oppbygging av sendarnett i område der det ikkje let seg gjera å sikra eit økonomisk berekraftig sendarnett.

Med helsing

Ivar Eiken
styreleiar

Vigleik Brekke
leiar DAB-utval